

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
22/827 - 5 / ANT

Dato:
26.07.2022


Til uttale- Søknad om dispensasjon til riving av notbu og til oppføring av nytt utleigebygg til fritidsbustad på gbnr. 132/9-Utkilen

Det er kome inn søknad om riving av notbu og dispensasjon frå arealformålet til oppføring av utleigebygg til reiseliv/fritid på gbnr. 132/9 i Viki i Utkilen i Austrheim kommune. Vøling og heving av kai som er i dårleg stand i dag er ein del av dette omsøkte tiltaket. Det er og søkt om dispensasjon til ein mindre terrengendring for å få på plass parkering i bakkant av omsøkte bygg.

Det planlagte tiltaket er i strid med byggjegrensa mot sjø, slik at det er dispensasjon for dette tilhøvet. Komplet dispensasjonssøknad er vedlagt denne uttalen. Det er ikkje kome inn nabomerknadar til søknad.

Fakta:

1. Dette er i eit LNF-område. Sjå oversiktskart under med raud sirkel omkring omsøkt tiltak:



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

2.Kommuneplanen sin arealdel vart godkjent den 11.04.2019 i Austrheim kommune

3.Austrheim kommune er i sone 3 når det gjeld forvaltning av strandsona.

4.Sjøhuset på 188 m2 BRA i 3 etg. som søkjar har søkt om å rive er i dårleg tilstand (frå 1930-talet). Det er difor ikkje SEFRAK-registrert. Sjå opplysingar om eigedomen på 644 m2 under:

HOVEDOPPLYSNINGER											
GNR	BNR	FNR	SNR	EIENDOMSTYPE	ETABLERT	BER.AREAL	HIST.OPPG.AR.	HIST.AREAL KILDE	BRUK-GRUNN	BRUKSNAVN	
132	9	0	0	Grunneiendom	10.12.1937	644,2	0	Ikke oppgitt	Uoppgitt	VIKI	


5.Kai som er støypt er i dårleg tilstand, floa og bølger går over 1 moh (havnivået stig framover)

WEB-matrikkelen viser bygningen i dag sin registrerte bruk:


WEBMatrikkel AUSTRHEIM kommune - 132/9/0/0										
Søk	Eiendom	Bygning	Adresse							
Utskrift ->>	Bygningsinfo	All matrikkelinfo								
BYGG										
TYPE	BYGNINGSNR	BYGGTYPE	STATUS	NÆRING	ANT. BOENH	ETG	BRA BOL.	BRA ANNET	BRA TOT.	
Bygning	176488158	183 - Naust båthus sjøbu	Tatt i bruk	Annet som ikke er næring	0	3	0	188	188	
ETASJER										
ETASJE	ANT.BOENH	BRA BOLIG	BRA ANNET	BRA TOTALT	ALT.AREAL	ALT.AREAL2	BTA BOLIG	BTA ANNET	BTA TOTALT	
L01	0	0	26	26	0	0	0	0	0	
H02	0	0	72	72	0	0	0	0	0	
H01	0	0	90	90	0	0	0	0	0	
sum	0	0	188	188	0	0	0	0	0	

Situasjonskartet og fasadetegninger for prosjektet er vist nedenfor:






Kommuneplanen sin arealdel viser LNF-området over



I sjø er området avsett til ferdsel (FE)



Flyfoto viser sjøbod og støpt kai på gbnr. 132/9-Utkilen



Vanleg kart over viser sjøboda og kaien som er på kote 1 moh

Austrheim kommune sin førebels vurdering:

Det er fornuftig å ta dette vakre området i bruk til bygging av nytt bygg til til to utleigeiningar til reiseliv/fritid. Søkjar har prosjektert eit fint bygg i tradisjonell sjøbodstil. Området vil framleis med dette tiltaket verta brukt til næring som det i dag er avsett til i matrikkelen (fiskeri/vidareforedling/lagerbygg tidlegare). Dei visuelle kvalitetane i området vert no planlagt forbetra då den gamle kaien skjemma i dag. Eit falleferdig sjøhus som ikkje vert vedlikehalde ellersom ikkje er i bruk gjer og dette området styggare, dette strandområdet ber preg av forfall i dag.

Austrheim kommune viser til søknad som er vedlagt og er positiv til å gjeva dispensasjon som omsøkt. Dette er god samfunnsnytte. Austrheim kommune er samd i dispensasjonsøklar sin vurdering her.

Me set pris på om de som får denne søknaden til uttale no vil setja dykk grundig inn i denne og gjeva positiv uttale til omsøkt tiltak. Tiltaket vil ikkje råka natur- og miljøverdiar eller naturmangfaldet i området eller friluftslivet. Heller ikkje ålmenta. Det er sterk straum i området (Kilstraumen) så det vil verta tryggare for ferdsele til sjøs for båtfolk og kajakkpadlarar at denne kaien ved sjøhuset her vert vøla og sett i stand.

De får ein utsatt frist til **1. september 2022** for å gje uttale til denne dispensasjonssøknaden.

Ta gjerne kontakt med underteikna for synfaring eller drøfting av søknad om ynskjeleg (41651463).

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Søknad - gbnr 132/9 - Utkilen - riving notbu - oppføring nytt bygg

Situasjonskart

Situasjonskart

Fasader

Planteikning 1 A3

Planteikning 2 A3

Snitt

Foto notbu 1

Foto notbu 2

Foto notbu 3

Foto notbu 4

Ettersendt til søknad for gbnr 132/9 Utkilen - snitt kai og havnivå

Kopi til:

Ing K Dømbe

Litleåsvegen 49

5132

NYBORG

Mottakere:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen